



Nattverd utenfor hovedgudstjenesten, rettleiing

Innhold

Nattverd utenfor hovedgudstjenesten, rettleiing.....	1
Nattverd utanfor hovudgudstenesta	1
Nattverdbønene si utforming	2
Song, musikk og gjenkjenning.....	2
Gjentakingar og rørsler	3
Involvering	3
Kommentarar til ordninga sin del I.....	4
Refleksjonsspørsmål til ordninga sin del II.....	5

Nattverd utanfor hovudgudstenesta

Når ein feire nattverd utenfor kyrkjelyden si hovudgudsteneste, kan ein nytte ei nattverdbøn som finst i Ordning for hovudgudstenesta, eller «Nattverd utanfor hovudgudstenesta». Dette kan til dømes vere når ein held kveldsmesser, morgenmesser, kvardagsmesser, felles nattverd på institusjon, eller nattverd på leir eller festival.

Når det blir halde nattverd for enkeltpersonar, nyttar ein ordninga «Nattverd i særskilde situasjonar».

Nattverdbønene si utforming

Ordninga for nattverd utanfor hovudgudstenesta har to deler. Del I innheld fire ferdig formulerte nattverdbøner. Del II inneheld ein struktur som vert nytta for den som vil formulere ei anna nattverdbøn.

Ved nattverd i Den norske kyrkja, skal følgjande liturgiske ledd alltid vere med:

- Lovprising
- Påkalling av Den heilage ande, epiklese
- Innstiftingsorda, verba
- Fadervår
- Utdeling
- Tilseiing
- Takkebøn

Nattverdbønene til bruk utanfor hovudgudstenesta blir ramma inn av den samanhengen dei blir brukt i, til dømes ei kveldsgudsteneste, gudsteneste på leir, felles nattverdfeiring på institusjon osv.

Ein del av denne innramminga er normalt nådehelsing (samling), skriftlesing, preike, forbøn (ordet) og velsigning (utsending). Særleg forkynninga av Guds ord (lesingar) er i kristen tradisjon tett knytt til feiringa av nattverden og bør vere ein del av nattverdfeiringa. Det finst unntak som til dømes skjermde demensavdelingar.

Song, musikk og gjenkjennung

Det musikalske uttrykket i ei nattverdfeiring kan skape både gjenkjennung og avstand. Tenk over korleis dette vil fungere i den konteksten de skal feire nattverd. På institusjon med eldre er det til dømes lurt å bruke tradisjonelle og kjente musikalske variantar av liturgiske ledd. I andre samanhengar kan gjenkjennunga ligge i å velje songar, salmar og liturgisk musikk som ikkje er ein del av hovudgudstenesta sine fire godkjente variantar. Dette kan til dømes vere ein lovesong frå Hillsong eller Taizé på leir, eller takkevers for maten (bordbøn) som takkebøn på ei kvardagsmesse.

Ver merksam på at det å messe eller synge delar av liturgien kan bidra til variasjon og deltaking. Dette gjeld til dømes lovesongen, Verba, Fadervår, Mysteriet i trua, og Agnus Dei.

Gjentakingar og rørsler

Lange setningar og einsformigheit kan gjere at heilskapen i ei nattverdbøn vert opplevd som lang. At liturg eller medliturg seier eller syng noko som kyrkjelyden gjentar, kan auke involveringa og bidra til å halde merksemda på det som skjer. Slik tiltale og svar har lang kyrkleg tradisjon og blir ofte kalla «call and response».

Den utskrivne nattverdbøn 4 er ei nattverdbøn som i sin heilskap legg opp til «call and response» etter mal frå HEL-gudstenesta. Denne gudstenesta er ein utarbeidd liturgi med «call and response» for å inkludere menneske med ulikt funksjonsnivå. Teikna til liturgien finn du i boka om HEL-gudstenesta «Gudsteneste for alle», s. 152–170. [Meir om metodikken «Teikn til tale» finn du her.](#)

For den som kjenner teiknspråk er døvekyrkja sin teiknliturgi særleg nyttig. Det er også mogleg å bruke teikn frå [døvekyrkja sin teiknliturgi](#) for å støtte talespråket i nattverdbønene.

Involvering

Frivillige og nattverddeltakarane kan ta del i nattverdbøna på ulike måtar. Nokre tips til involvering kan vere:

- **Finn stadene i ordninga der det står ML** og la ein frivillig be eller seie desse tekstane. Bokstavane ML står for medliturg og betyr at ein annan enn den vigsla presten kan be eller seie det som står.
- **Bruk gjentaking der det passar.**
- **Involver frivillige i utforminga av nattverdbønene.** Med utgangspunkt i del II av ordninga, kan frivillige eller til dømes konfirmantar vere involvert i utforminga av nattverdbønene. Sjå nedanfor.

Kommentarar til ordninga sin del I

Alternativ 1 (kvardagsmesser/kveldssteller)

Denne nattverdbøna er utarbeidd med tanke på morgenmesser, kveldsmesser og kvardagsmesser. Ho kan også brukast i andre samanhengar der det passer.

Bøna har eit gjennomgåande inkluderande språk om Gud.

Innleiinga til bøna kan gjerne brukast på institusjon.

Alternativ 2 (leir/festival)

I denne bøna er det lagt opp til at ein berre må sei nokre få setningar, medan det er plass til å utvide ledd, som til dømes innleiinga, sanctus og utdelinga.

Ved bruk på leir, kan innleiinga til nattverden spele på undervisning om nattverd eller andre tema som har vore ein del av leiren.

Det er mange ulike lovsongstradisjonar på leirar og festivalar. I alternativ 2 blir det gitt rom for å bruke ein kjent lovsong som Sanctus.

I alternativ 2 er det lagt opp til bønevandring og lystenning under utdelinga. Det er fordi denne praksisen er utbreidd på leir og festival. Nattverdbøna kan likevel brukast utan bønevanding, men hugs då å endre formuleringane i takkebøna.

Alternativ 3 (institusjon)

Alternativ 3 ligg tett på formuleringar som er kjende frå hovudgudstenesta i Den norske kyrkja. Kjende formuleringar er meint å bidra til deltaking og gjenkjennung.

Som innleiing til nattverd på institusjon kan ein gjerne henta formuleringar frå innleiinga til alternativ 1.

I dette alternativet er Fadervår skrive i versjonen frå 2011, men ordninga har ei lenke til eldre versjonar. Den som er liturg kjenner samanhengen og veit kva versjon av Fadervår som skaper mest gjenkjennung og deltaking i den aktuelle situasjonen. Særleg viktig er dette i møte med personar som har demens.

Alternativ 4

Som nemnt over, er alternativ 4 henta frå HEL-gudstenesta slik ho er gjengitt i boka «Gudstjeneste for alle», s. 152–170. Materialet er utarbeidd over fleire år og er brukt i fleire ulike bispedøme.

«Gudstjeneste for alle» har også fleire alternativ til Sanctus med rørsler på side 157–159. For meir om bruk av teikn, sjå over.

Refleksjonsspørsmål til ordninga sin del II

Utgangspunktet og strukturen for arbeidet med nattverdbøner er omtala i del II av ordninga. I dette arbeidet bør ein reflektera over følgjande moment:

- Innleiinga

Nattverden ber i seg mange ulike motiv og metaforar som til dømes fellesskap, måltid, guds nærvær, nådemiddel, mysterium, det heilage, påminning om Jesu død og oppstode, lovprising for frelsa og Guds historie med menneska, takk for fellesskapet med menneske og skaparverk, måltid som gir næring, tru og styrke til handling i verda. Innleiinga til nattverdbøna kan seie noko heilt kort om nattverden og bruke det motivet som passar i situasjonen.

- Kva motiv passar i den samanhengen den aktuelle nattverdbøna skal brukast?
- Kva betyr det for val av nattverdbøn, evt. utforming av nattverdbøn etter strukturen i ordninga sin del II?
- Kva er det vi gjer når vi feirar nattverd?

- Lovprising

- Lovprisinga bør ha ei innleiing med ei oppfordring til å lovprise eller dialog mellom prest og menighet.
- Dersom lovprisninga er ein song, kan ein bruke Sanctus frå hovudgudstenesta eller ein annan lovsong som seier noko om Gud sin godheit, herlegdom eller storleik, sjå til dømes Norsk salmebok, salmedatabasen hos Eide forlag, andre song- og salmebøker, eller lovsongar frå karismatiske tradisjonar eller Taizé.
- Lovprisinga kan vere ein fin stad å bruke gjentaking der til dømes liturg eller medliturg seier noko som menigheita gjentar.
- Lovprisinga kan vere ein del av nattverdbøna.

- Nattverdbøna

- Det som skal vere med i nattverdbøna er:
 - Lovprising av Gud
 - Takk for Guds handling i Jesus
 - Påkalling av Den heilage ande, Epiklese
- Verba, som følger like etter nattverdbøna, er ei gjenforteljing og ei minning – og ei aktualisering – av kva Jesus gjorde i og med den første nattverden. Jesu liv og Guds historie med verda blir også minna i nattverdbøna (sjå til dømes dei ulike nattverdbønnene i hovudgudstenesta). Denne minninga blir gjerne kalla anamnese og inngår alltid i nattverdbøna.

- Er det nokre motiv ved nattverden de ønskjer å vektlegge i den aktuelle samanhengen?
 - Måltid? (kan nattverdbøna vere å synge eitt vers frå bordbøna Gledens Herre, etterfølgt av ei epiklese?)
 - Fellesskap?
 - Kan formuleringane i bønene frå hovudgudstenesta vere til inspirasjon?
- **Verba og Fadervår** skal alltid vere med. Tenk gjennom kva versjon av Fadervår som passar i samanhengen, til dømes på eit sjukeheim. Lenke til ulike versjonar av Fadervår finn du her:
 - [Fadervår frå 1978/83](#)
 - [Fadervår frå 1930/38](#)
- **Mysteriet i trua, fredshelsing, brødsbryting og Agnus Dei** er valfrie ledd. Kva praksisar kyrkejlyden elles har kan vere med på å styre vala her. Om det til dømes blir feira nattverd på leir og brødet som blir brukt er laga av konfirmantar, kan brødsbrytinga vere ein del av nattverdfreiringa her, sjølv om den vanlegvis ikkje er det i hovudgudstenesta.
- **Utdeling**
 Sjølve utdelinga av nattverden kan skje på fleire ulike måtar; knefall, ståande, ved intinksjon eller bruk av særkalkar.

Det er også mogleg å leggje til rette for bønevandring og/eller lystenning samtidig som ein mottar nattverd. Den ferdig formulerte nattverdbøn 2 legg opp til bønevandring. Det er også mogleg å bruke den nattverdbøna utan bønevandring og lystenning. [Tips til mogleg stasjonar på ei bønevandring finst her.](#)
- **Tilseiingsorda**
 Hensikta med tilsigelsesorda er å stadfeste overfor nattverddeltakarane kva det er dei har vore med på. Tilsiiingsorda skal derfor seie noko om kva nattverd er.

Det er fleire ulike bilete og metaforar som blir brukt for å uttrykkje mysteriet i nattverden (jf. punktet om innleiingsord). Kva bilete vil passe i den samanhengen de feirar nattverd i no? Mange kjenner tilsiiingsorda frå hovudgudstenesta godt. Det kan i nokre situasjonar tale for å bruke dei og skape gjenkjennung. I andre situasjonar kan det å velgje mindre kjende tilseiingsord gje rom for ny refleksjon og større merksemd på kva nattverden kan vere.
- **Takkebøna**

Til sist i nattverdbøna kjem takkebøna. Bøna er ei takk til Gud for det som er skjedd i nattverden.

Det er og fint om bøna hjelper nattverddeltakarane til å sjå samanhengen mellom nattverdbordet og kvardagslivet, gjerne med ei diakonal oppfordring. Om måltidsfellesskapet har vore eit gjennomgåande motiv, til dømes i ei kveldsmessa, kan takkeverset frå ei bordbøn bli brukt her.

Meir om nattverdbøner, inkludert om nattverdbønene i hovudgudstenesta, finst på [side 16–28 i rettleiinga til gudstenesta sine hovuddelar](#).